

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2363 - 20/20787

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
24.04.2020

Klagen avvises - gbnr 48/9,10 og 11 Fjellsbø

Administrativt

vedtak:

Tiltak:

Byggjestad:

Tiltakshavar:

Saknr: 429/20

Klage på arealstatus

Gbnr: 48/9,10 og 11

Jan Mellemstrand

VEDTAK:

Klage datert 23.02.2020 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl. § 28 1. ledd.

Alver kommune viser til klage datert 23.02.2020 på klage på vedtak datert 04.02.2020 om avvisning av klage på arealføremål i kommuneplan. Saksnr. 20/2363. Følgjande vart vedatt:

«Klage datert 23.12.2019 og 03.01.2020 vert avvist med heimel i fvl. 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl. § 28 1.ledd.»

Saka gjeld klage på arealføremål på gbnr. 48/11 i tidligere Lindås kommune sin kommuneplan, nå kommunedelplan i Alver kommune. Gbnr. 48/11 er eigd av Jan Mellemstrand som er klager i denne saka.

Alver kommune mottok klaga 23.02.2020, og den er såleis motteke rettidig.

Klagen er grunngjeve med følgjande:

- Det vert vist til skjøter datert 24.03.1980 med føremål fritidsbustad/bustad påført skjøter ved frådeling for kjøpet av tre parsellar far til klagar kjøpte. Alle med lik status.
- Det vart oppdaga i 2019 ved ny kommuneplan i tidlegare Lindås kommune at gbnr. 48/10 med klagars syster som heimelshavar hadde delt arealføremål, LNF spredt bustadbebyggelse og LNF. Klagars eigedom hadde arealføremål LNF.
- Har ikkje vorte informert om endring av arealføremål på eigedomane.
- Klagars eigedom har vorte redusert i verdi på bakgrunn av endra arealføremål.
- Meiner at tidligare Lindås kommune hadde «tidspress» og «hastverk» med å verte ferdig med ny kommuneplan før kommunesamanslåing og difor ikkje tid til å ta klagars merknad til følge.
- Meiner Alver kommune må foreta ein «likebehandling av status» på desse eigedomane på bakgrunn av at det er ein familiesak tilbake til 1979/1980.
- Ved kjøp av eigedom forventar ein at status på skjøter til ein og same familie indikerer «forutsigbarhet og rettferdighet for loven».
- Skal ikkje straffast for at ein ikkje byggjer med ein gong ein får frådelt ein parsel, og miste moglegheita seinare på bakgrunn av endra arealføremål.
- Alver kommune må vurdere erstatning om dei ikkje tilbakefører arealføremål.

Vurdering:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»


På bakgrunn av fvl. § 33 2. ledd har kommunen undersøkt historikk til klagars eigedom med gbnr. 48/11.

Ved frådeling av parsellar i 1980 var det ingen kommuneplan. Den første kommuneplanen for tidlegare Lindås kommune kom i 1999. Sidan den gong har gbnr. 48/11 hatt arealføremål LNF. Det same gjeld syster til klagar sin eigedom med gbnr. 48/10, som vart endra ved rulleringen av ny kommunedelplan i 2019 etter innspill. Då blei formålsgrensa justert slik at heile gbnr. 48/10 kom innunder arealføremål LNF spredt bustadbebyggelse.

Utsnitt nedanfor visar dagens situasjon.



Utsnitt frå nordhordlandskart.no



Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan.

Det betyr at Lindås kommune ikkje har endra arealføremål for klagar sin eigedom. Endring av arealføremål er dessutan ikkje eit enkeltvedtak, men eit resultat av ein omfattande kommuneplanprosess etter plan- og bygningslova kap. 11.

Det er ikkje adgang til å klage på kommunestyrets vedtak om kommuneplan, jf. pbl. § 11-15.

Planane leggast ut på 1.- og 2. gongshøyring før dei vert vedteke i kommunestyre. Dette vert gjort for at det skal vere mogleg å komme med innspel før endeleg vedteken plan. Varsling av oppstart gjerast gjennom media som lokalavis og kommunen sine nettsider. På den måten er prosessen allment tilgjengeleg. Kommunen er ikkje pålagt å varsle innbyggjarne enkeltvis i ein kommuneplanprosess.

Ønskjer ein å komme med innspel kan ein gjere det ved neste rullering av kommuneplanen.

Konklusjon

Det er kommunen si vurdering at det ikkje ligg føre nye opplysningar i klagan som tilseier at vedtak datert 04.02.2020, sak 20/2363 skal gjerast om etter forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Saksdokumenta er vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker

frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på gbnr. 48/11 - Møtebok 278/78 . gbnr 48/9,10 og 11 Fjellsbø nordre

Kopi av skøyter og diverse - gbnr 48/9,10 og 11 Fjellsbø nordre

Avvisning av klage på endra arealføremål i kommuneplanens arealdel

Klage til Alver kommune på avvisningsvedtak av 4.2.2020

Følgeskriv

Stadfesting av mottatt klage - Klage på arealstatus - gbnr 48/9,10 og 11 Fjellsbø

Kopi til:

Jan Mellemstrand

Fullrigervegen 4056

TANANGER

1

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER